

# **VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I ÅRDAL KOMMUNE.**

## **§ 1. Eigartilhøve**

Årdal kommune eig og driv 6 kommunale barnehagar; Einehaugen, Farnes, Haugane, Uravegen, Ve og Årdalstangen barnehage.

## **§ 2. Føremål**

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta borna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane. Borna skal få oppleve skaparglede, undring og utforskarkrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Borna skal utvikle grunnleggjande kunnskap og dugleikar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader. Barnehagen skal møte borna med tillit og respekt, og ta på alvor barndommen sin eigenverdi. Han skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. (jf. barnehagelova §1). Nynorsk vert nytta så langt som råd, også i songar og litteratur.

## **§ 3. Lovverk m.m.**

Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, forskriftene til lova, og til ei kvar tid gjeldande rammeplan og retningsliner frå Kunnskapsdepartementet, reglar for internkontroll, kommunale vedtekter og årsplan for den einskilde barnehagen. I følgje barnehagelova § 7 skal barnehageeigar fastsetje vedtekter for barnehagen. Vedtekten skal gi opplysningar som er av betyding for føresette sitt forhold til barnehagen, her under: a. Eigartilhøve b. Formål, jf. §§ 1 og 1a c. Opptakskriterium d. Opningstid

## **§ 4. Forvaltning**

Kommunestyret er forvaltningsorgan for barnehagane i kommunen. Barnehagane vert administrert av Kommunedirektøren. For å sikre samarbeidet med heimen skal barnehagen ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Kvar barnehage skal ha foreldreråd og samarbeidsutval. Borna har rett til medverknad ut frå alder og føresetnader og borna sitt syn skal leggast vekt på i barnehagen si daglege verksemd.

Foreldreråd. Alle føresette i barnehagen utgjer foreldrerådet. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til føresette og gjere til at samarbeidet mellom barnehagen og føresette skaper eit godt barnehagemiljø. Føresette skal få kjennskap til og uttale seg i saker som er viktige for føresette sitt tilhøve til barnehagen. Ved avstemming tel ei stemme for kvart barn og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

Samarbeidsutval. Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Kommunen skal som eigar v/ styrar vere representert i

samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvala er samansett med ein representant frå kvar avdeling i barnehagen.

## **§ 5. Opptak og opptakskrins**

Det er eit samordna hovudopptak om våren for dei kommunale barnehagane, og elles ved ledige plassar. Barn som er født innan utgangen av desember, og har søkt innan søknadsfristen for hovudopptak, har rett på barnehageplass ved oppstart i starten av januar året etter. Føresette som bur i Årdal kommune eller skal flytte hit kan søkja om barnehageplass til barnet sitt, og heile kommunen vert rekna som ein opptakskrins. Dersom barnehagane har ledige plassar, kan desse nyttast av søkerar utanfor kommunen. Tilbodet må vere avklart med bustadkommunen.

Det er kommunedirektøren tildeler plassar etter søknad. Tildeling av barnehageplass er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 28 som det går an å klage på. Opptak til kvar barnehage vert gjort ut frå prioriteringar på søknad. Etter pedagogisk heilsakpsvurdering eller andre grunnar, er det høve til å fråvika prioriteringa. Ved opptaket skal det leggjast vekt på å sikra god og kostnadseffektiv drift av barnehagane i kommunen.

Barn som flyttar til Årdal og er fylt eitt år innan desember eller er eldre, skal etter søknad få barnehageplass innan 2 månader.

## **§ 6. Prioritering ved hovudopptaket**

1. Born med nedsett funksjonsevne (jf. §13 i barnehagelova) eller born med vedtak etter lov om barneverntenester
2. Born i familiær med særlege sosiale/helse – eller miljøtilhøve som gjer at barnet kan ha nytte av opphold i barnehage.
3. Sysken med rett på plass, har førerett til plass i same barnehage
4. Born som har trøng for språkleg og kulturell integrering og der begge foreldra er tospråklege/framandspråklege med ein anna språkbakgrunn enn norsk, med unntak av born som har samisk, svensk, dansk eller engelsk som morsmål
5. Born som har plass i barnehage og som ynskjer endra oppholdstid eller å byta barnehage
6. Rekrutteringstiltak. Kommunedirektøren avklarar kvart år om denne skal nyttast og kva yrke som skal ha prioritet.
7. Resten av borna vert prioriterte etter alder. Ved søknad om opptak etter opptaksreglane pkt.1 og 2 skal det leggjast ved dokumentasjon av nyare dato frå sakkunnig instans som til dømes. helsestasjon, barnevern, pedagogisk psykologisk tenestekontor, NAV. Av dokumentasjonen må det gå klart fram kvifor barnet har særleg trøng for barnehageplass framfor andre barn.

Søkarar etter hovudopptaket, vert sett på venteliste og tildelt plass ved ledig kapasitet.

Tildeling av barnehageplass er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 28 som det går an å klage på. Formannskapet i Årdal kommune er klageorgan ved klage på tildeling av barnehageplass. Klagen skal handsamast etter Forskrift om sakshandsamingsreglar ved opptak i barnehage. Formannskapet sitt vedtak i ei klagesak er endeleg.

## **§ 7. Plassstilbod**

Barnehagane gjev følgjande plassstilbod:

- 100% plass
- 50% plass

Tilbod om dagar må tilpassast drifta og gruppесаманsetjingа i kvar einskild barnehage. Dei som søker redusert plass, kan ikkje alltid rekna å få innfridd ønsket sitt om barnehagedagar.

## **§ 8. Opningstider**

Barnehagane skal ha heilårsdrift, dvs dei skal vere opne om sommaren. Eit barnehageår varer frå 15. august det eine kalenderåret til 14. august kalenderåret etter. Alle barnehagane, skal ha ei dagleg opningstid 06.45 – 16.00. Barnehagane er stengde på helge - og høgtidsdagar, og på jul- og nyårsaftan samt onsdag før Skjærtorsdag. Barnehagen er stengt 5 planleggingsdagar gjennom barnehageåret. Dato for planleggingsdagane skal vere samkjørt så godt som mogleg med skuleruta/SFO.

## **§ 9. Ferie**

Borna skal ha minst fem veker ferie i løpet av barnehageåret. Tre veker skal vere samanhengande når skule- og SFO har sommarstengt. Den femte ferieveka er dei 5 planleggingsdagane der barnehagen er stengt. Hovudferien på tre veker til barnet skal barnehagen ha melding om innan 1. april. Frist for innmelding av vinter-, påske-, haust- og juleferie kan vere 4 veker før ferieavviklinga.

Kommunen kan gjere unntak frå vedtektena når særlege årsaker talar for det. Kommunen kan fastsette tilpassingar av vedtektena om ferie for einskilde barnehagar utifrå frå særlege omsyn og lokale tilhøve.

Føresette kan søke Årdal kommune om barnehagetilbod dei 2 vekene barnehagen er sommarstengt. Søknad må sendast Årdal kommune, postmottak@ardal.kommune.no innan 15.04. det aktuelle året.

## **§ 10. Arealnormer**

Netto leike- og oppholdsareal er 4.0 m<sup>2</sup> per born over 3 år og 6 m<sup>2</sup> per barn under 3 år.

## **§ 11. Oppseiling og endring av plass**

Gjensidig oppseilingstid av ein barnehageplass er ein månad justert til 1. eller 15. i månaden etter. Dersom plassen blir sagt opp med verknad frå 1. mars eller seinare, må ein betale for resten av barnehageåret om ikkje det er barn på venteliste som kan fylle opp plassen. Oppseilinga skal vere skriftleg. Barn som har SFO-plass frå 15.august avviklar barnehagetilboden frå same dato.

## **§ 12. Betaling av barnehageplass og mat**

Regjeringa fastset nasjonale moderasjon og prisordningar. Årdal kommune rettar seg etter desse, men føresette si betaling vert fastsett av kommunestyret. Føresette skal ha varsel om endringar og når endringa trer i kraft. Informasjon om endringar vert publisert på [www.ardal.kommune.no](http://www.ardal.kommune.no)

Betalinga er månadleg, med juli som betalingsfri månad, og vert regulert til nærmeste 15. kvar månad. Betaling for mat og frukt m.m. kjem i tillegg. Ved misleghald av betalinga vert plassen sagt opp av kommunen. Det er Kommunedirektøren, som gjer vedtak om oppseilinga av barnehageplassen.

Som vesentleg misleghald vert rekna:

- a. dersom plass er tildelt på grunnlag av urette opplysingar av viktig tyding
- b. manglende betaling i to månader
- c. vesentleg fråvær utan at fråværet er avtala med barnehagen
- d. dersom avtalt oppholdstid vert overskride mange gonger

Det vert gjeve søskensmoderasjon i samsvar med nasjonale retningsliner. Det vert gjeve redusert betaling og gratis kjernetid i tråd med nasjonale føringar for familiar med låg inntekt. Søknad om redusert betaling og gratis kjernetid skal gjerast digitalt via heimesida til Årdal kommune. Dersom søknad om redusert foreldrebetaling skal kunne gjelde frå nytt barnehageår, er fristen 15. juni. For søknader som kjem i løpet av året, vil vedtak gjelde frå månaden etter søknaden er handsama.

### **§ 13. Fritak for betaling i barnehagen**

1. Er barnet sjukt og utgjer fråværet ein samanhengande periode på meir enn ein månad, og det ligg føre legeerklæring om barnet sin sjukdom/fråvær, vert det godkjent fritak frå betaling etter søknad.
2. Dersom sjukdomen gjer at barnet kun kan vera i barnehagen i periodar, skal det betalast ein dagspris utrekna til 1/25 av den fastsette månadsprisen.
3. Andre årsaker

Administrasjonen har fullmakt til å ta avgjer i slike saker.

### **§ 14. Det vert ikkje innvilga fritak for betaling for følgjande søknader:**

1. Søknad om å ta ut barnet grunna ferie

### **§ 15 Årsplan**

Alle barnehagar skal ha årsplan som samsvarar med barnehagelova. Den skal fastsetjast av Samarbeidsutvalet for kvar barnehage

### **§ 16 Forsikring**

Årdal kommune teiknar kollektiv ulykkesforsikring for kvart barn som har plass i dei kommunale barnehagane

### **§ 17 Politiattest**

Den som skal arbeide i barnehagen må legge fram politiattest etter Barnehagelova §30

### **§ 18 Teieplikt**

Alle tilsette, vikarar, studentar og andre som jobbar i barnehagen skriv under fråsegn om teieplikt.

### **§ 19 Internkontroll**

Barnehagane har internkontrollsysteem i samsvar med barnehagelova § 9 og kommunen sitt internkontrollsysteem.

### **§ 20. Endring av vedtekten**

Endring av vedtekten blir vedteke av kommunestyret etter høyring, slik at føresette og tilsette får uttale seg før saka vert politisk handsama.

Administrasjonen får fullmakt til å føreta mindre endringar av ikkje-prinsipiell karakter, endringar som følgjer av nasjonale lov- og forskriftsendringar og kommunale og sentrale vedtak. Administrative endringar av vedtekten vert sendt til kommunestyret for orientering

### **§ 21 Iverksetjing**

Vedtekten er gjeldande frå 15.08.2025

**Vedteke i Årdal kommunestyre 27.03.25**